


Aukra kyrkjelege fellesråd
Skogvegen 1a
6480 AUKRA
Tlf: 71171540

Den norske kyrkja



Aukra kyrkjekontor 06.12.2017

Referat frå møte i Aukra kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 05.12.2017
Møtetid: kl. 19:10
Møtested: Kyrkjelydshuset

Tilstade:

Svein Einar Løwe, Ingunn Hjelmås, Mette Myrseth Oterhals, Inga Sølvi Korsvik Melby, Oddmund Arne Varhaugvik, Inger Kristine Kjellnes, Jan Magne Breivik og Audhild Mork,

Meldt forfall:

Gro Merete Hoksnes og Anja Helen Otterlei

Opningsord: Kristian Finn Risung «Å motta en som kommer»

Referat

F-Sak 058/17 Godkjenning av referat 21.11.2017

Referatet frå møte 21. 11. 2017 vart godkjend med følgjande merknadar:
Svein Einar Løwe har blitt flytta over i matkomiteen, og programkomiteen til Førjulssamkome er i år Ingunn Hjelmås og Inga Sølvi Korsvik Melby.

F-Sak 059/17 Godkjenning av innkalling 5.12.2017

Innkalling til møte 5.12. 2017 vart samrøystes godkjend.

F-Sak 060/17 Møteplan for Aukra kyrkjelege fellesråd / Sokneråd

Samrøystes vedtak:

Januar

AF/S 23. januar
AU 9. januar

Februar

AF/S 27. februar
AU 13. februar

Mars

AF/S 3. april
AU 13. mars

April

AF/S 24. april
AU 10. april

Mai

AF/S 13.mai
AU 8. mai

Juni

AF/S 12. juni
AU 29. mai

August

AF/S 28. august
AU 14. august

September

AF/S 18. september
AU 4. september

Oktober

AF/S 16. oktober
AU 2. oktober

November

AF/S 20. november
AU 6. november

Desember

AF/S 4. desember
AU 27. November

F-sak 061/17 Budsjett 2018

Samrøystes vedtak:

AU legg fram budsjettforslag i balanse til FR-møtet i januar. Ut frå prioriteringsgrad frå FR i desembermøtet.

F-sak 062/17 Årsmøte

Samrøystes vedtak:

Aukra sokn arrangerer årsmøte 27 mai 2018.

F-sak 063/17 Festeavgift

Samrøystes vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd tek saka til vitande.

F-sak 064/17 Val av leiar og nestleiar til Fellesråd/Sokneråd

Samrøystes vedtak:

Svein Einar Løwe og Ingunn Hjelmås er gjenvald som leiar og nestleiar i Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd.

F-sak 065/17 Rekneskap for Aukra sokn

Samrøystes vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd tek saka til vitande.

S-sak 051/17 Gudsteneste- og arrangementsplan for Aukra sokn 2018

Aukra sokneråd delegerer gudsteneste- og liste for takkoffer til Gudstenesteutvalet i møte 7. desember. Saka vart behandla saman med sak 052/17, sjå møtebehandling i denne saka.

S-sak 052/17 Takkoffer 2017

Møtebehandling:

Det er gjeve følgjande råd og idear frå Soknerådet til saka, utan avrøysting.

Kristian Finn ønskjer at det blir gjeve kollekt til Ung kirkesang 18. mars, og at det i staden for kollekt til trusopplæring blir skriva kollekt til kyrkjelydsarbeid.

Det er semje om at Bibeldagen kl. 19.00 er avlyst, og at det skal vere fokus på Bibeldagen i gudstenesten kl. 11.00 på SÅmannssøndag.

Oskeonsdagsgudsteneste, om det skal arrangerast oskeonsdagsgudsteneste, skal vere på onsdag 14. februar kl. 19.00.

Kyrkjemusikalsk utval får ansvar for å vurdere og eventuelt planlegge og arrangere konsert før sommaren.

Det er ønske frå Kristian Finn om at takkoffer til CARE blir erstatta av takkoffer til diakoni 9. september, og at takkofferet 16. september går til Norges kirkesangforbund.

Gudstenesteuvallet vurderer og gudstenestelokale i Julsundet, og eventuell Julegudsteneste i Julsundet kl. 13.00.

Det skal ikkje vere kollekt på Institusjongudstjeneste på Aukraheimen 16. desember.

Gudstenesteuvallet får ansvaret for å vurdere særlege gudstenester etter vedtak i Sokneråd, Diakoniutval, Trusopplæringsutval og Gudstenesteutvalet, sjå merknad om «særlege gudstenester» i saksutgreiinga.

Samrøystes vedtak:

Aukra sokneråd delegerer gudsteneste- og liste for takkoffer til Gudstenesteutvalet i møte 7. desember.

S-sak 053/17 Innkjøp av salmebok med stor skrift

Samrøystes vedtak:

Saka blir utsett til nytt budsjettår.

S-sak 054/17 Likekjønna vigsel

Samrøystes vedtak frå Aukra kyrkjelege fellelsråd/Sokneråd:

Kyrkjemøtet 2017 har opna for at personar av same kjønn kan bli vigde i den norske kyrkja. Det følgjer vi.

Kyrkjemøtet opna for at dei som arbeider i kyrkja kan reservere seg mot å delta i likekjønna vigsel. I Aukra er det reservasjonsrett for alle tilsette.

S-sak 055/17 Julestjerner til førjulssamkome

Det er spurt etter råd om kven som skal få julestjernene frå førjulssamkome i år frå programkomiteen, og det er gjort vedtak om at det blir delt ut loddlappar til alle som møter til samkome, og at det blir trekning av julestjernene før alle går heim.